

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim	FE - 057	16/956

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

Godkjenning av selskapsavtale IKA Hordaland frå 01.01.2017

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Selskapsavtale pr. 01.01.2017 (L)(11436)	10.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart organisert som et IKS i 2002. I 2015 hadde selskapet 32 eigarar. Eigarkommunane hefter for ein eigarandel etter ein fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 samt gjort gjeldande frå 1.1.2003. Eigardelen til den enkelte kommune, er beskrevet i selskapsavtalen sin § 5, Tilskotsplikt og eigarandel.

I følgje selskapsavtalen § 5, skal eigardelane justerast kvart fjerde år som eit resultat av endringar i folketal, betalt innskot, samt ved inn- og utmelding slik at det er samsvar mellom kommunestorleik og eigarandel i selskapet. Det har i tida fram til 31.12.2014, ikkje vore endringar i folketal, betalt innskot eller utmelding frå selskapet, som kravde at eigardelane og selskapsavtalen laut endrast. Etter 31.12.2014 fekk tre eigarkommunar endra sin eigarandel som følgje av endringar i folketal. Desse er Fitjar, Radøy og Sveio.

Etter 2015 er det difor ikkje er samsvar mellom folketal og eigarandel i IKAH. Med dette som utgangspunkt, samt tilbagemelding frå ein eigarkommune om å utarbeide ein ny fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS framlegg om følgjande:

Fakta

Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med atterhald om godkjenning i kommunestyra. Representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu saksframlegg til dei enkelte kommunestyra

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

Vurdering

Økonomiske konsekvensar

For eigarane har endringa av selskapsavtalen ingen direkte økonomisk konsekvens, utover det ein ytte i tilskot pr. 01.01.2016, samt det som er vedteke av Representantskapen for 2017.

Vi gjer og merksam på at Representantskapen har gjort vedtak om at det skal fremjast sak om ny fordelingsnøkkel og eigardel, som betre gjenspeglar kommunestorleik. Saka skal leggjast fram til ordinært representantskapsmøte på Solstrand den 25. april 2017.

Konsekvensar av eit negativt vedtak

I følgje lov om interkommunale selskap § 4 skal endringar i selskapsavtalen, mellom anna endringar i eigardelane, godkjennast i alle kommunestyre.

Ein endra selskapsavtale for IKA Hordaland er ikkje gyldig før alle eigarar sitt øvste politiske organ gjer eit likelydande positivt vedtak og Brønnøysundregistrene har skrive firmaattest.

Skulle eit av kommunestyra ikkje godkjenne ny selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2017, vil den gamle selskapsavtalen framleis gjelde, men ein vil då ikkje lenger ha samsvar mellom eigarandel og folketal i kommunen.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

Kommunestyret - 004/2017

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) stilte spørsmål om kva fordelingsnøkkel som var nytta for å kome fram til kostnadane for kvar kommune. Rådmannen la då fram slik fordelingsnøkkel:

Nøkkel for fordeling av eigardelane	2010-2014	2015 - d.d.
Kommunar med under 3.000 innbyggjarar eig	1,97	1,92
Kommunar med 3.001 – 5.000 innbyggjarar	2,85	2,78
Kommunar med 5.001 – 10.000	3,73	3,63
Kommunar med over 10.001	4,61	4,49

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.*